



**DET KONGELEGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

Innovasjon Norge  
Postboks 448 Sentrum  
0104 OSLO

Dykkar ref Vår ref Dato  
21/993 17. mars 2023

Statsbudsjettet 2023 – Oppdragsbrev til Innovasjon Norge

Landbruks- og matdepartementet (LMD) viser til Prop. 1 S (2022-2023) frå departementet og Innst.128 S (2022-2023) frå Stortinget. LMD gjev med dette oppdragsbrevet rammer for Innovasjon Noreg (IN) si forvaltning av næringsretta verkemidlar på landbruks- og bioøkonomiområdet for 2023.

## **1. Oversikt over løyvingar stilt til disposisjon for 2023**

For 2023 er følgjande midler stilt til disposisjon for IN gjennom statsbudsjettet på LMDs område:

<b>Kapittel og post</b>	<b>Ordning</b>	<b>Beløp mill. kroner</b>
1150,50	Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket	162,00
1150,50	Investering og bedriftsutvikling i landbruket	1 150,50
1150,50/1151,51	Utviklingsprogrammet	92,50
	Bionova - tilskudd til bioøkonomi og klimatiltak i jordbruket	
1152, 50		87,54
<b>SUM</b>		<b>1 492,54</b>

1) 8,2 mill. kroner er løyvd over kapittel 1151, post 51 og er øyremerka den reindriftsbaserte delen av Utviklingsprogrammet.

Vi syner til kapittel 6.1 for nærmere føringar om administrasjons- og gjennomføringskostnader for dei enkelte ordningane.

## **2. Mål for IN og andre fellesføringer**

Vi syner til oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) for 2023 for fellesføringer og omtale av IN sin målstruktur.

## **3. Oppdraget frå LMD**

### **3.1 Mål og prioriteringar med løyvinga**

Dei fire overordna måla for landbruks- og matpolitikken knytt til matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar, ligg fast jf. Prop. 1 S (2022-2023) for Landbruks- og matdepartementet.

Landbruket er ei betydeleg distriktsnæring, til stades i heile landet. Dei samla verdikjedene er viktige bidragsytalar til busetting, sysselsetting, verdiskaping og for den grøne omstillinga det norske samfunnet er i gang med. Overgangen til ein meir sirkulær økonomi ber med seg at bedriftene må integrere denne tenkinga i heile si verksemd. Auka innovasjonstakt i landbruket og i den tilhøyrande industrien må vektleggast. Landbruksoppdraget til IN femnar om verkemiddel som særskilt skal stimulere til modernisering, omstilling og effektivisering i det tradisjonelle landbruket, og auka sysselsetting, vekst og innovasjon innan andre landbruksbaserte næringar. Oppdraget femnar også verkemiddel for å fremje berekraftig reindrift. Vidare femnar oppdraget om verkemiddel som skal stimulere til meir miljøvennlege energiløysingar for sektoren, mellom anna med mål om auka verdiskaping i skog- og trenæringa, samt verkemiddel knytt til teknologiutvikling i landbruket. IN sine delmål om fleire gode gründerar, fleire vekstkriftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø, er viktige for å nå måla innanfor landbruks- og matpolitikken. I det enkelte oppdrag vil vektinga av dei tre delmåla variere.

Løyvinga frå Landbruks- og matdepartementet femnar òg finansiering av etablering, drift og aktivitet for Bionova. Bionova skal vere eit av verktøya for å nå Noreg sine klimamål for 2030 og målet om å vere eit lågutsleppssamfunn i 2050 ved å bidra til reduserte klimagassutslepp og auka karbonopptak og -lagring. Bionova skal også bidra til auka verdiskaping gjennom overgang til ein meir sirkulær bioøkonomi basert på fornybare ressursar frå hav og land.

I den nye Langtidsplanen for forsking og høgare utdanning lanserte regjeringa eit samfunnsoppdrag om berekraftig fôr med mål om at alt fôr til oppdrettsfisk og husdyr skal komme frå berekraftige kjelder og bidra til å redusere klimagassutsleppa frå matsystema. Innovasjon Norge skal bidra i arbeidet med å utvikle samfunnsoppdrag som verkemiddel og legge til rette for involvering og implementering. I dette arbeidet vil det vere behov for god samhandling og koordinering i verkemiddelapparatet og for å sjå heile utviklingsløpet frå idé til marknad og grunnleggjande kunnskapsoppbygging i samanheng. Oppdraget vil byggje på samarbeidet i verkemiddelapparatet og sjåast i samanheng med etableringa av Bionova. Samfunnsoppdraget bygger opp under ambisjonane om berekraftig vekst i norsk havbruksproduksjon og auka sjølvforsyning. Vi syner til tilsvarande føringer i oppdragsbrevet frå NFD.

### **3.2 Samarbeid med nasjonale, regionale og lokale aktørar**

Det er viktig at det er god dialog mellom verkemiddelaktørane på nasjonalt nivå for best mogleg samordna innsats og god kopling mellom verkemiddel.

Bionova skal i si sakshandsaming trekke på relevant kompetanse i heile Innovasjon Norge, og slik sikre ei god samhandling med andre relevante verkemiddel retta mot lønsam utvikling av bionæringerne basert på ressursar frå hav og land.

Det må etablerast ein god dialog om landbruksoppdraget og Bionova som kan sikre forankring, prioritering og kopling av verkemiddel og aktørar regionalt og lokalt på området. Det er difor viktig at IN er godt involvert i arbeidet i regionalt partnarskap beståande av fylkeskommunane, statsforvaltaren, IN sine distriktskontor og næringsorganisasjonane i landbruket. Vi ber om at det blir gjort ei god avklaring mellom IN og fylkeskommunane når det gjeld type prosjekt som blir støtta av dei ulike aktørane.

Regionkontora må ha tilstrekkeleg kunnskap og kompetanse innanfor landbruksoppdraget, slik at dei kan bidra aktivt til å mobilisere ressursar og utløyse vekstpotensialet regionalt saman med fylkeskommunane og medlemmer av den regionale partnarskapen elles. IN må også støtte kommunane i deira rolle som fyrstelinje for næringsutvikling og særskilt i sakshandsaminga av IBU-midlar. IN skal også ha dialog med statsforvaltaren som fyrstelinje for reindrifta.

## **4. Nærmore om dei enkelte ordningane**

### **4.2 Omstillingsmidlar for pelsdyrnæringa**

IN har forvalta ei ordning med midlar til omstilling for pelsdyroppdrettarar over kapittel 1142 post 78 som er ein post som kan overførast. Det er ikkje gjort framlegg om løyving på posten i 2023. Det vil framleis vere tilsegn basert på tidlegare (overførbare) løyvingar der heile beløpet enno ikkje er utbetalt. Det er difor gjort framlegg om ei tilsegnsmidde på 25 mill. kroner for 2023.

### **4.3 Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket**

Det er for 2023 avsett 162 mill. kroner til Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling over kapittel 1150, post 50. I tråd med føringar frå jordbruksoppgjeret 2022, skal verdiskapingsprogrammet ta eit heilskapleg ansvar for utvikling av gode klima-, miljø- og energiløysingar for landbruket. Programmet kan gjennom dette gje eit viktig bidrag til å nå målet i klimaavtala for jordbruket. I forbindelse med opprettinga av Bionova som ein del av Innovasjon Norge, skal verdiskapingsprogrammet bli forvalta av Bionova. I tillegg til løyvinga over jordbruksavtala, vil deler av løyvinga til Bionova jf. kap. 4.6 også kunne nyttast til føremål innanfor verdiskapingsprogrammet.

Verdiskapingsprogrammet skal innrettast slik at det kan bidra til å introdusere ny teknologi og bruk av fornybar energi i landbruket, samt til produksjon av energi for leveranse til andre samfunnssektorar basert på ressursar frå landbruket. Bioenergi er ein sentral del av programmet si satsing på fornybar energi.

Det er høve til å gje investeringsstøtte til anlegg som kombinerer biovarmeproduksjon med straumproduksjon frå solceller. Det kan også gis støtte til kombinerte el-/varmeanlegg basert på biobrensel, sokalla CHP-anlegg, samt støtte til investering i varmepumper og solenergi til å dekkje energibehovet i eigen landbruksproduksjon. Det skal stillast same krav til lønnsemd som for reine bioenergianlegg. Så lenge det er eit potensial for å auke talet på mindre gardsanlegg for bioenergi, bør slike anlegg bli prioritert. For å bidra til å redusere klimagassutsleppa frå jordbruket, vil produksjon av biokull og biogass vere viktig å satse på framover. Produksjon av biokull som sideprodukt til bioenergiproduksjon er eit viktig utviklingsområde. Andre teknologiar eller tiltak som kan gje auka karbonopptak eller -binding skal også vurderast. Biogassprosjekt skal vurderast med utgangspunkt i dei vanlege energi- og lønnsemdskriteria. Utover dette skal Bionova også legge vekt på heilskapleg miljøgevinst av biogassprosjekta. Eit område kor ein kan forvente auka investeringsbehov framover, er i biorestlager og gardsanlegg, gitt målet om auka utnytting av husdyrgjødsel til produksjon av biogass. Hovudtyngda av innsatsen på området bør bli prioritert opp mot delmålet om fleire vekstkraftige bedrifter.

Programmet omfattar også støtte til utviklings- og utprøvingsprosjekt for å teste ut ny produksjonsteknologi og nye løysingar på gardsnivå som i tillegg til reduserte klimagassutslepp, skal bidra til auka konkurranseskraft for næringa. Her vil det m.a. vere viktig å kople leverandørindustri og bonde for å utvikle teknologi og løysingar som endå ikkje er "hyllevare".

Innovasjon Norge skal koordinere si verksemd med andre aktørar som forvaltar verkemiddel av betydning for Bionova si verksemd, t.d. Enova.

#### **4.4 Tilskot til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-tilskot)**

Tilgang på investeringsverkemiddel er ein viktig føresetnad for fornying av produksjonsapparatet i landbruket og framtidig vekst og utvikling i landbruksbaserte næringar. Midla skal bidra til utvikling både innanfor det tradisjonelle landbruket og andre landbruksbaserte næringar. Innanfor INs målbilete bør hovudtyngda av innsatsen innanfor IBU-midla knytast opp mot selskapet sitt delmål om fleire vekstkraftige bedrifter.

I samband med jordbruksoppgjeret 2022 blei det løyvd 1 150,5 mill. kroner over kapittel 1150 post 50 til investering og bedriftsutvikling i landbruket i 2023. Auken på 271 mill. kroner samanlikna med 2022 må særskilt sjåast i lys av behovet for omstilling til lausdriftsfjøs for storfe, og særskilt innanfor små- og mellomstore mjølkebruk, samt generelle behov for oppgradering av driftsapparatet innanfor andre produksjonar for å imøtekommne krav til dyrevelferd.

Det er naudsynt at både rådgjevingsapparat og Innovasjon Norge tek ei meir aktiv sparringsrolle i samband med investeringsprosjekta. Målet må vere å bidra til fleire økonomisk berekraftige prosjekt for små og mellomstore bruk. IN får, i forlenginga av si rolle som sparringspartner, høve til å bistå med ei ressurskartlegging i forkant av sjølve investeringsprosjekta, og at det kan nyttast IBU-midlar til dette.

Kunnskap og erfaringar frå prosjekt som «Innlandsfjøset» bør utnyttast og spreiaст i rådgjevingsapparatet. Det er i 2023 igangsett fleire prosjekt og utgreiingar som omfattar problemstillingar knytt til investeringar i driftsbygningar i landbruket, finansiert av dei nasjonale tilretteleggingsmidlane i landbruket. Vi ber Innovasjon Norge om å bidra med sin kompetanse inn i desse prosjekta og utgreiingane der det er etterspurт.

Forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling skal leggjast til grunn for forvaltinga av midlane. Følgjande nasjonale føringar for forvaltninga av IBU-midlar skal gjelde for 2023:

- Støtte til investeringsprosjekt som gir auka matproduksjon skal prioriterast til produksjonar med marknadspotensial.
- Små og mellomstore bruk skal prioriterast ved tildeling av støtte. Innan mjølkeproduksjon er det særleg behov for å prioritere fornying av fjøs med inntil 30 kyr.
- Omsyn til dyrevelferd skal prioriterast høgt. Dette gjeld for alle typar produksjonar og produksjonsformer.
- Investeringar som følgje av EUs økologiregelverk skal prioriterast.
- Støtte til frukt-, grønt- og veksthusnæringa skal prioriterast. Det kan gjevast tilskot til investering, kompetanse og produktutvikling til produsentar i grøtnæringa. Nye produsentar bør prioriterast ved marknadsvekst. Småskala produksjon av grønsaker, frukt og bær er ein del av målområdet.
- I kornproduksjonen skal tilskot til tørke- og lageranlegg prioriterast.
- Det kan gjevast investeringstilskot til bygging av gjødsellager med fast toppdekke, samt lager med fast toppdekke til biorest og anna organisk gjødsel. Det kan også gjevast tilskot til anlegg med gjødselseparator. Tilskotet er avgrensa til 25 pst. av godkjent kostnadsoverslag for tiltaket, med ei øvre grense på 200 000 kroner per prosjekt.
- Prosjekt med energi- og klimaeffektive løysingar skal prioriterast.
- I vurderinga av lønnsemrd i investeringsprosjekta må det takast omsyn til det samla næringsgrunnlaget på bruket.
- Maksimal prosentsats for tilskot til investeringar er heva til 40 pst. av godkjent kostnadsoverslag for investeringa. Øvre grense for tilskot er heva til 3,5 mill. kroner per prosjekt. Den øvre grensa gjeld ikkje i Troms og Finnmark fylke.
- For investeringar innan bedriftsutvikling, jf. § 3b, blir maksimal støttesats sett til inntil 75 pst. for alle søkjarar.
- Fruktprodusentar som søker IBU-tilskot til nyplanting som følgje av frostskadar vinteren 2020/2021 kan få inntil 50 pst. av godkjent kostnadsoverslag for tiltaket.
- Det kan nyttast IBU-midlar til ressurskartlegging i forkant av investeringsprosjekt innan tradisjonelt landbruk.

- Det kan gjevast inntil 100 mill. kroner i risikolån der tapsavsetninga skjer innanfor ramma av IBU-midlane.
- Strategiske føringar frå den regionale partnarskapen er avgrensa til prioritering mellom ulike produksjonar og mellom ulike områder i den enkelte regionen/fylket. Faglaga skal inngå i dei regionale partnarskapa.

Når det gjeld føringar knytt til investering i gjødsellager skal føringane i prop. 120 S (2021-2022) leggast til grunn for vurdering av støtte. IBU-forskrifta blir oppdatert i tråd med dette. Med «fast toppdekke» meinast her dekke som gjev ei permanent løysing, tilpassa det aktuelle lageret, slik det også blir praktisert i SMIL-ordninga.

Når det gjeld IBU-tilskot til fruktprodusentar som søker IBU-tilskot til nyplanting som følgje av frostskadar vinteren 2020/2021 kan Innovasjon Norge dispensere frå § 3 siste ledd i IBU-forskrifta om at det ikkje kan gis tilskot til tiltak som er påbegynt før søknad om tilskot er avgjort.

Føringane for tilskot til bruk av tre som byggemateriale er vidareført i IBU-forskrifta som for 2022. Departementet presiserer at det med utgangspunkt i gjeldande regelverk og føringar er høve til å gje støtte til f.eks. oppgradering av uteområde som skal brukast i Inn på tunet-tilbod, støtte til silo og fôrlager, samt faste installasjonar som vatningsanlegg.

IN har ut over dette høve til å fastsette enkelte sakshandsamingsstandardar for ein meir einskapleg sakshandsamingspraksis. IN har også mogleheit til å gje støtte til bedriftsretta fellesskapsprosjekt over desse midla. Fordelingsnøkkelen for 2022 vil også bli lagt til grunn for 2023.

Fordelingsnøkkelen er vidareført også i 2023 jf. tabell under;

<b>Fylke</b>	<b>Mill. kroner</b>
Viken	126,90
Innlandet	165,70
Vestfold og Telemark	73,30
Agder	65,40
Rogaland	87,00
Vestland	152,60
More og Romsdal	80,10
Trøndelag	170,00
Nordland	77,60
Troms og Finnmark	88,70
<b>SUM*</b>	<b>1087,30</b>

\*Totalsum ekskl. avsetting til administrasjons- og gjennomføringskostnader på 63,2 mill. kroner jf. pkt. 6.1

I tillegg til denne ramma var det ved årsskifte ei samla unytta ramme i fylka på 96 mill. kroner. Med bakgrunn i at det er ulik pågang etter investeringstilskot i fylka, og ulik til grad av

tilgjengeleg ramme, ber departementet om at IN også i år gjer ei vurdering av om det bør gjennomførast ei omfordeling av unytta rammer mellom fylka. Vi ber om ei slik vurdering frå IN innan 1. juni 2023.

IN har ansvaret for kåringa av årets bedriftsutviklar i landbruket (bedriftsutviklingsprisen), og kan nytte IBU-midlar til dette tiltaket etter nærmare dialog med departementet.

#### **4.5 Utviklingsprogrammet - landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping**

IN forvaltar 84,3 mill. kroner til Utviklingsprogrammet for 2023 over jordbruksavtala kapittel 1150 post 50 og 8,2 mill. kroner over reindriftsavtala, kapittel 1151 post 51 til den reindriftsbaserte delen av programmet. IN bør prioritere hovudtyngda av innsatsen sin på dette området opp mot delmålet om fleire vekstkraftige bedrifter. Innanfor delmålet om fleire innovative næringsmiljø bør ambisjonane om innovative og vekstkraftige regionar og meir samarbeidsorienterte bedrifter vektleggast.

Utviklingsprogrammet skal utviklast i tråd med føringane gitt i årets jordbruksoppgjer og i reindriftsavtalen og signal frå styringsgruppa. IN er sekretariat for styringsgruppa for Utviklingsprogrammet. Matnasjonen Noreg skal fortsetje å vere i ei sams ramme for utvikling innan mat og drikke, med sterke koplingar til politikken for reiselivsnæringa. Sterke mat- og reiselivsregionar er utgangspunkt og byggjesteinar for Matnasjonen Noreg, og den vidare innsatsen her må utformast i tett samarbeid med dei regionale partnarskapa. Inn på tunetløftet 2 blir avslutta våren 2023. Erfaringane frå løftet og anna utviklingsarbeid, mellom anna Statsforvaltaren i Troms og Finnmark sitt arbeid med lærings- og omsorgsbaserte tenester, skal nyttast til å vidareutvikle portefølja under Utviklingsprogrammet retta mot verksemder innanfor Inn på tunet og Ut på vidda. Utvikling av næring knytt til haustbare viltressursar skal prioriterast innanfor programmet.

Programmet har vore tilpassa for å kunne støtte opp under bedrifter som hadde utfordingar under pandemien. Desse tilpassingane vert ikkje vidareført, men erfaringane frå desse skal brukast til å vidareutvikle programmet. Ordninga der Bondens marknad har fått kompensasjon for deltakaravgift på marknadene blir oppheva.

##### *Aktiv innsats på reinområdet*

IN skal framleis ha ein aktiv innsats og god tilrettelegging overfor reinkjøttbedriftene, og stor merksemeld på å få fram potensialet på reinområdet gjennom utviklingsprogrammet og resten av verkemiddelapparat IN rår over. Arbeidsmetodikken for bruk av midla over reindriftsavtalen skal vidareførast. Departementet viser til at reindrifta har særskilte rammevilkår. Som urfolksnæring er reindrifta unik både i nasjonal og internasjonal samanheng. At næringa er viktig for samisk kultur og har heilårs beitedrift, stiller særskilde krav til individuell oppfølging og bedriftsbesøk.

Dei mange mindre bedriftene i reinkjøtbransjen har avgrensa med midlar til marknadsføring av eigne produkt. Deltaking på matarrangement medverkar til auka merksemd kring rein-kjøtprodukta frå bedriftene. Utover ei marknadsføring av eigne produkt vil ei deltaking også byggje kompetanse i bedriftene. IN skal, saman med Marknadsutvalet, vurdere kva slags matarrangement som er aktuelle å delta på. Det er ein føresetnad at reinkjøtbedriftene står på felles stand.

Reindrifta blir i aukande grad nytta i marknadsføringa av Noreg som turistland. Det reindriftsbaserte reiselivet kan vere ei moglegheit som ei tilleggsnæring for fleire i reindrifta.

Samstundes er det heilt sentralt at det reindriftsbaserte reiselivet skjer i samsvar med føresegne i reindriftslova. Departementet viser til at det er sett i gang eit eige prosjekt for utvikling av det reindriftsbaserte reiselivet. Forretningsutvikling, produktutvikling og marknadsutvikling er viktig både for etablerte reinkjøt- og reiselivsbedrifter og nyetablerte reiselivsbedrifter.

Vi viser elles til IN sine tilrådingar til målretta tiltak for avtaleåret 2022/2023, som vart gjeve som innspel til forhandlingane om Reindriftsavtala 2022/2023.

#### *Auka synleggjering og omdømmebygging*

Ein viktig del av Utviklingsprogrammet er prosjekt og tiltak som bidreg til auka synleggjering og omdømmebygging innanfor alle målgrupper. I tråd med føringar frå Prop 120 S (2021-2022) skal omdømmeportefølje under programmet frå 2023 innrettast sånn at den regionale profilen blir styrka. Utover dette skal innrettinga av omdømmeporteføljen vedtakast i styringsgruppa for programmet, og IN må følgje opp dei konklusjonar som er gjort i styringsgruppa angåande dette.

Det norske måltid (DNM) er ein av dei nasjonale satsingane i omdømmearbeidet under Utviklingsprogrammet. IN må, i samarbeid med LMD, gjere ei særskilt vurdering av støtta til dette arbeidet framover.

Den norske standen på Internationale Grüne Woche (IGW) er den viktigaste markeringa av norsk mat og reiseliv i utlandet som LMD er involvert i. IGW er ein viktig arena og møteplass for å etablere nettverk mellom næringslivsaktørar og for å bidra til forsterka regionalt samarbeid på mat- og reiselivsområdet. IN har det operative ansvaret for prosjektet i tett dialog med departementet. IN skal på vanleg måte følgje opp Noregs deltaking på IGW i 2023. Det er gjort enkelte endringar i gjennomføringa for 2023. Basert på erfaringane frå 2023, skal IN, i samarbeid med LMD og styringsgruppa for Utviklingsprogrammet, gjere ei nærmare vurdering av vidareføring av desse endringane.

Eventuell støtte som blir gitt over omdømmepotten til organisasjonar skal vere prosjektbasert og bidra til utvikling av organisasjonane og tilbodet dei gir til bedriftene dei arbeider for. Det blir ikkje gitt driftsstøtte over budsjettet for Utviklingsprogrammet. I 2023 får Norsk Gardsost og Bondens marknad støtte over ei eige ordning utanfor Utviklingsprogrammet.

## **4.6 Bionova**

Regjeringa følgjer opp Hurdalsplattforma sine ambisjonar om oppretting av Bionova og regjeringas vegkart for grønt industrielløft kor tydinga av bioøkonomien i det grøne skiftet er vektlagt.

Bionova skal vere eit verktøy for å nå Noregs klimamål for 2030 og målet om å vere eit lågutsleppssamfunn i 2050 gjennom å bidra til reduserte klimagassutslepp og auka karbonopptak og -lagring og bidra til verdiskaping gjennom overgang til ein meir sirkulær bioøkonomi basert på fornybare biologiske ressursar frå land og hav.

Ei sentral grunngjeving for etableringa av Bionova er behovet for målretta verkemiddel som kan bidra vesentleg til å nå målet i klimaavtala mellom staten og organisasjonane i jordbruket. Vidare skal Bionova også omfatte verkemiddel som bidreg til utvikling av bioøkonomien der bruken av ressursane skal bli meir sirkulær.

Bionova blir oppretta som ei eining under Innovasjon Noreg og lokalisert til INs regionskontor i Brumunddal. For 2023 er det gjort framlegg om ei avsetjing på 87,54 mill. kroner til Bionova over kapittel 1152, post 50 Tilskott til Bioøkonomi og klimatiltak i jordbruket. I tillegg til vil løyvinga til Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling jf. kapittel 4.3, inngå i det samla budsjettet for Bionova. Samla løyving som Bionova forvaltar blir med det foreslått til 249,54 mill. kroner for 2023.

Bionova skal ha to delmål;

- 1) Reduksjon av klimagassutslepp og auka opptak og lagring av karbon i jord på gardsnivå, og
- 2) Auka verdiskaping gjennom ein meir ressurseffektiv og sirkulær bioøkonomi.

Innovasjon Norge må utarbeide eit mål- og resultatsstyringssystem for Bionova i tråd med målstrukturen.

Løyvinga skal i 2023 nyttast til etablering av Bionova og drift og aktivitet innanfor Bionova si portefølje. Bioøkonomiordninga blir i sin heilskap lagt til Bionova med utgangspunkt i dei aktivitetar, mål, målgrupper og forpliktingar ordninga har hatt tidlegare år. Det er rammeoverført midlar til føremålet frå Nærings- og fiskeridepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet til Bioøkonomiordninga

Ordninga skal framleis legge grunnlag for auka innovasjon og verdiskaping i biobaserte næringar gjennom ei marknadsorientert og berekraftig utnytting av bioressursane innan jordbruk, skog-, og trebruk og fiskeri og havbruk. Dette inkluderer også oppfølging av felles handlingsplan for bioøkonomi saman med Forskningsrådet og Siva. Denne planen skal sikre betre strukturering og samspel mellom relevante verkemiddel i og på tvers av verkemiddelaktørane, god balanse i verkemiddel for FoU, demonstrasjon, pilot og oppskalering, marknadsorientering og internasjonalisering og være ein felles plattform for effektiv gjennomføring og felles dialog med næringsliv og forsking.

Bionova skal bidra til å sikre ei trygg og effektiv bruk av bioressursane. Det omfattar nye ressursar, ei meir optimal utnytting av restråstoff og utvikling av meir berekraftige fôrråvarar.

I Grønt Industriløft varsler Regjeringa ei vurdering av tilrådingane frå prosjektet BioDigSirk. BioDigSirk foreslår konkret eit program for biosirkularitet og industrisymbiose. Vi ber Bionova vurdere anbefalingane i sitt arbeid med å sikre eit koordinert og samla sett av verkemiddel tilpassa moglegheitene i den tverrsektorielle sirkulære bioøkonomien.

For å ta omsyn til ansvar for tilskott som blir gitt over posten og innvilga men ikkje utbetalte tilsegn frå 2022, er det knytt ei tilsegnstilmakt til posten på 90,0 mill. kroner, jf. framlegg til vedtak IV.

Midlar til Bioøkonomiordninga løyva til og med budsjettåret 2022 over KDD post 553.74 og NFD post 2421.50 blei gitt som tilskott utan krav om tilbakebetaling (rundsumtilskot). Desse midla står på tilskotsfond i Norges Bank og vil dekke framtidige utbetalinger av tilsegn innvilga til og med 2022 sjølv om ordninga overførast til Bionova. Ubrukte midlar til formålet over postane disponerast av Bionova i tråd med Stortingets formål og rammar for midla. Alle resttilsegn frå tidlegare løying til Bioøkonomiordninga over LMDs post 1137.71 vil bli utbetalte i løpet av 2022 og treng ikkje å takast omsyn til i denne samanhengen.

Både bioøkonomiordninga og Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling blir i dag forvalta av Innovasjon Norge. Sakshandsaminga vil vere som i dag, fordelt over heile landet, men med leiing og eventuelt nyopprettet stillingar lokalisert til eit regionkontor i Innovasjon Norge. Det skal etablerast eit rådgivande porteføljestyre for Bionova, der mellom anna staten, næringsorganisasjonar, aktørar innan bioøkonomien og aktørar med miljø- og klimafagleg kompetanse er representert. LMD kjem snarleg attende til dette. Vi ber elles om at IN arbeider vidare med synleggjering av Bionova, marknadsføring og fagleg kompetanseoppbygging.

#### **4.7 Lån til landbruksføremål innanfor lågrisikolåneordninga (kapittel 2421 NFD)**

IN kan som tidlegare gje lån til landbruksføremål innanfor ramma for Lågrisikolåneordninga over NFD sitt budsjett. Det er viktig at IN i si rapportering og statistikkføring framleis opprettheld eit skilje mellom bustadføremål og næringsføremål.

### **5. Administrative fellesføringar**

Departementet viser til dei administrative fellesføringane i oppdragsbrev for 2023 frå NFD, irekna føresetnader og krav, samt føringar knytt til administrative forhold, rapportering og evaluering. Vi ber særskilt IN vere merksame på at det, jf. rapporteringskalender frå NFD, blir bedt om ein kort beskriving av IN sitt system for kontroll med at tildelte midlar er nytta i

samsvar med krav og regelverk for støtta, samt ei orientering om eventuelle særskilde kontrolltiltak som er iverksett i løpet av året.

## 6. Departementsspesifikke administrative føringer

### 6.1 Administrasjons- og gjennomføringskostnader

Den enkelte oppdragsgjevar skal dekke alle administrasjons- og gjennomføringskostnader utover basiskostnadane for sine oppdrag, med unntak for aktivitetar som skal vere sjølv-finansierande. Selskapet sine basiskostnader vert dekka av løyvinga over NFD sitt budsjett kap. 2421, post 70. For ordningar som IN forvaltar for LMD, irekna Bionova, skal administrasjons- og gjennomføringskostnadane spesifiserast på kvar program/ordning. Rapport for administrasjons- og gjennomføringskostnader (AG-kostnader) skal vere klar til kvar halvårsmøte mellom LMD og IN.

Det er gjort ein gjennomgang av AG-kostnadane for 2023 med bakgrunn i vurderingar og innspel frå IN. I vurderingane er det også tatt omsyn til unytta rammer frå 2022. Om vesentlege endringar i oppgåveportefølja i løpet av året skulle føre til risiko for at rammene blir overstige, ber vi om at IN tek kontakt med departementet.

AG-kostnader for 2023 går fram av tabellen under, mill. kroner:

Ordningar og oppdrag	AG-kostnader 2023	Risikobuffer	Finansiert frå Ramme 2023
IBU-ordninga	64,5	0,8	63,2
Utviklingsprogrammet/JA	10,5	0,2	8,2
Utviklingsprogrammet/RA	2,5	0,1	2,7
Bionova	7,0	0,0	7,0
Bioøkonomiprogrammet	14,4	0,3	6,0
VSP fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket	11,0	0,3	11,5
<b>SUM</b>	<b>109,9</b>	<b>1,7</b>	<b>98,6</b>

AG-kostnadane for IBU-ordninga inkluderer også dekking av dei fylkesvise BU-prisane og den nasjonale BU-prisen.

Administrasjons- og gjennomføringskostnadane til IGW og Matstreif skal trekkjast frå løyvinga til Utviklingsprogrammet for vekst og verdiskaping, og kjem i tillegg til kostnadane for programmet som er synleggjort i tabellen ovanfor. Årlege budsjett over prosjekt-kostnadane til desse to prosjekta skal godkjennast av LMD etter innspel frå styringsgruppa.

## **6.2 Utbetaling, rapportering og styringsdialog**

### **6.2.1 Overføring av midlar, rekneskapsføring og rapportering**

Landbruksdirektoratet har det administrative hovudansvaret for Landbrukets utviklingsfond (LUF), jf. St.prp. nr.1 Tillegg nr. 3 (1999-2000). For ordningar under LUF som blir forvalta av IN, er det lagt opp til periodisk overføring (4-6 gonger per år) av midlar frå fondet. Administrasjons- og gjennomføringskostnadane til kvar ordning blir utbetalt separat frå resten av ramma til ordninga. IN utbetalar og fører rekneskap for tilskot/lån og mottek og fører rekneskap for inntekter frå avdrag på lån. IN må vidareføre kontakta med Landbruksdirektoratet når det gjeld rekneskap og overføring av midlar.

Landbruksdirektoratet har også det administrative hovudansvaret for Reindriftas utviklingsfond (RUF). For løyingar frå RUF, skal det også leggjast opp til periodisk overføring av midlar frå Landbruksdirektoratet til IN (2 gonger per år). Utbetalinga vil skje etter utbetalingsoppmoding frå IN.

### **6.2.2 Rapportering**

Det skal rapporterast på bruken av midlane i tråd med rapporteringskalender frå NFD. Det skal rapporterast på bruken av IBU-midlane frå IN sine distriktskontor til fylkeskommunane. Rapporteringa skal inngå i rapporten IN elles sender til fylkeskommunane. Rapporten skal vurdere verkemiddelbruken opp mot regionale føringar frå partnarskapen. Statistikk over fordeling til ulike grupper, som kvinner og unge, i dei ulike program og tenester skal synleggjerast slik at ein sikrar eit godt samanlikningsgrunnlag over tid.

### **6.2.3 Styringsmøte m.m.**

Det vil bli lagt opp til to halvårsmøter mellom LMD og IN i 2023. Vårmøtet er avtalt til 13. juni.

Med helsing

Kristin Orlund (e.f.)  
avdelingsdirektør

Siri Lothe  
fagdirektør

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikke handskrivne signaturar*

Kopi

Agder fylkeskommune  
Innlandet fylkeskommune  
Kommunal- og distriktsdepartementet  
Landbruksdirektoratet  
Møre og Romsdal fylkeskommune

Nordland fylkeskommune  
Norges Bondelag  
Norges skogeierforbund  
Norsk Bonde- og Småbrukarlag  
Norske Reindriftsamers Landsforbund  
NORSKOG  
Nærings- og fiskeridepartementet  
Riksrevisjonen  
Rogaland fylkeskommune  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Statsforvalteren i Agder  
Statsforvalteren i Innlandet  
Statsforvalteren i Nordland  
Statsforvalteren i Oslo og Viken  
Statsforvalteren i Rogaland  
Statsforvalteren i Troms og Finnmark  
Statsforvalteren i Trøndelag  
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark  
Statsforvalteren i Vestland  
Troms og Finnmark fylkeskommune  
Trøndelag fylkeskommune  
Vestfold og Telemark fylkeskommune  
Vestland fylkeskommune  
Viken fylkeskommune